

# Lakseparasitten gyrodactylus: Rotenonbehandling og alternativ behandling av våre vassdrag.

## PROBLEMEIGAR SINE SYNSPUNKT.

Av/ Knut Eltun

Knut Eltun er leiar i Lærdal Elveeigarlag

Innlegg på fagtreff 12. okt. 2000

Den 26. oktober 1996 kom meldinga om at Lærdalselva var smitta av Gyrodactylus. Ved sida av at dette var ei biologisk katastrofe var det også ei kataskofe for lokalsamfunnet i Lærdal. I over hundre år hadde Lærdalaselva virka som ein magnet på sportsfiskarar fra inn og utland. No vart ei av dei finaste sportsfiskeelvane i landet vekke som fiskeelv i mange år framover. Økonomisk var det også eit hardt slag. I 1996 var leigeinntektene til elveeigarane i overkant av 4 mill, ringverknadane for lokalsamfunnet elles, er berekna til mellom 10 og 15 mill. I tillegg kjem tapet av fjordfisket i Sognefjorden.

Etter at de første sjokket hadde lagt seg, byrja vi å arbeida med tanke på å bli kvitt parasitten så fort som mogeleg. Vi fekk med ein gong eit godt samarbeid med Direktoratet for Naturforvaltning (DN), og Miljøvern-avdelinga hjå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Eg kan ikkje gå i detalj her, men det vart teke avgjer om ei

rotenonbehandling i april 1997. Dette var for å hindre smitte med utvandrane smolt til andre vassdrag ved Sognefjorden. I forkant av behandlinga fekk vi løyve til å fiska opp ca. 600 sjøaure. Dette var blenkje ( liten sjøaure), desse vart teke vare på, feitfinneklapte og sleppt i elveosen etter behandlinga. Desse fann vi ikkje att under den endelege rotenonbehandlinga. Sjølve rotenonbehandlinga var ei psykisk og fysisk påkjenning for oss som deltok i dette arbeidet. Elveeigarlaget si oppgave var å renske elva for daud fisk. Dette var ingen lett jobb. Ca.8000 kg fisk vart plukka opp, det meste var sjøaure. Ingen hadde aning om at det sto slike mengder aure i elva denne tida på året. Mykje av denne fisken hadde ei vekt på mellom 6 og 13 kg. Her fekk sjøaurestammen var ein hard knekk. Området ovanfor den øvste laksetrappa, og sideelvane, vart ikkje rotenonbehandla under varbehandlinga, så det gjekk nok ut ein del smolt denne våren.

Det vart snart klart at den omfattande rotenonbehandlinga ville finne

stad i august 1997, sjølv om usikkerheita var stor heilt til siste dag. Eg trur det endelege løyvet til utslepp fra SFT, først kom dagen før behandlinga. Lærdal Elveiegarlag hadde lite med sjølve planlegginga å gjera, men prøvde å bista så godt vi kunne. Vår oppgave denne sommaren var å fiske opp så mykje som vi kunne av laks og sjøaure. Dette var ein dagnadsinnsats ein hugsar tilbake på med glede. Over 450 laks og nær 550 sjøaure vart redda, her var framtida for Lærdalslaksen. Eg kan heller ikkje her gå i detalj, men fisken sto i mærd ute i saltvatn så ein var sikker på at den var rein for gyro, og seinare sleppt i elveosen. Femti av desse vart radiomerka, og etter eitt døgn var alle komne opp i elva, og var snart på gyteplassen sin.

## **Rotenonbehandlinga sommaren 1997.**

Det var eit omfattande arbeid som vart gjort før behandlinga. Lærdalssvassdraget er ikkje enkelt. Nede i det flate dalområdet er kilar og bekkar lagde i røyr, og dette måtte kartleggast. Det som tidleg vart omsnakka, var korleis ein kunne få rotenon inn i elvebryggene og grovsteinudene som ligg langs store deler av elva. Små sideelvar og ei mengd med bekkar munnar ut i vassdraget, og vassig fra dei bratte fjellsidene piplar fram over alt. Behandlinga vart gjennomført fra 4. - 8. august. Dei som sto for behandlinga, gjorde ein kjempejobb frå tidleg morgon til sein kveld. Elveiegarlaget sto også denne gongen for fiske-

plukkinga. Det var ikkje så mykje fisk denne gongen. Vi plukka opp ca. 4000 kg. No var vi vorte meir "garva", så den psykiske påkjenninga var ikkje så stor. Skal ein koma med kritiske merknadar må det vera at utstyret som vart brukt virka litt gamaldags, og at ting gjekk litt for fort, særleg på slutten. Det var ein av fiskeplukkarane som sa: "Hadde vi hatt meir rotenon, skulle vi gjeve elva ein omgang til med det same me er i gang". Kanskje dette ikkje hadde vore så dumt. I desse dagar kjem det ein rapport som evaluerer rotenonbehandlinga. Tidlegare leiar i Lærdal Elveiegarlag, Olav Wendelbo, har vore med å utarbeidd rapporten. Som eg nemde tidlegare var det god gyting om hausten, og mykje yngel i elva både i 1998 og 1999. Optimismen var stor i Lærdal.

## **Ny påvising av Gyrodactylus, 1. november 1999.**

Optimismen tok brått slutt da det vart påvist gyrodactylus for andre gong. Om det var ei mislukka rotenonbehandling eller ei resmitting, får vi vel aldri greie på. No er situasjonen enda mørkare enn i 1996. Da hadde vi tre årsklasser av Lærdalslaks gåande i havet, og ei stor sjøaurestamme. No er lakseressursen i havet svært liten, og sjøaurestammen sterkt redusert.

## **Korleis skal vi kvitta oss med parasitten?**

Ein ting er klart, vi i Lærdal vil ha Lærdalslaksen attende i elva, slik at framtidige generasjonar kan ha glede

og nytte av denne sjølfornyande ressursen. Men korleis skal vi greia dette? Heldigvis er det mange som kan hjelpa oss, dersom myndigheitene kjem med midlar slik at planar og intensjonar kan setjast i verk.

Eg vil ta for meg dei mulighetene vi ser for oss, og koma med ein del tankar om desse.

### **Kjemisk behandling:**

Når ein les den nye handlingsplanen for gyroductylus, ser ein at det har skjedd mykje sidan 1997. Nye metodar og nye tilsetningsstoff til rotenon er teke i bruk. Særleg interessant er det å lese om det stoffet som bind seg i botnsubstratet og kan virke der. Det trur eg er svært viktig i ei elv som Lærdalselva, der grunnvatn oppkommer sikkert kjem ute i elva. Ein kan lesa om nye metodar og nye stoff, men kan ein våge å gå på ei ny behandling? Spørsmåla er mange. Ein har også sjøaurestammen å tenkja på. Tåler den ein trøkk til? Blir ei ny behandling mislukka, kva har vi da att? Vi har Lærdalslaksen i genbanken i Eidfjord, men vi synest ikkje det er nok. Ein ting i den samanheng. Vi har no ca. 10000 sommarfora laksungar på klekkeriet vart som vi har tenkt å fora fram til smolt. Vi kan sjølv sagt ikkje sleppa desse ut i elva slik at dei kan verta smittebærarar til andre vassdrag. Vi har søknad inne hjå DN for å gjera det på same maten som dei gjer i Rauma. Setja smolten i mærd i elveosen ei tid, slik at den kan bli aklimatisert, og så taue han ut i fjorden der saltgehalten er så stor at parasitten ikkje lever, og sleppa den der. Dette for at vi framleis kan ha ein liten havr-

essurs av Lærdalslaks. Vi håpar at vi snart får svar på søknaden vår. Ein positiv ting er at vi har fått løyve til å fiska stamfisk i haust.

### **Sperre i elva.**

Dette er eit tiltak som virkar svært interessant. Folk fra DN har vore i Lærdal fleire gonger på befarung, og vi har fått god orientering om fiskesperrer. Problemet i Lærdal er at geografien gjer det svært vanskeleg å få til ei sperre der den burde liggja, nær elveosen. Alle som er kjende i Lærdal veit at dalføret er flatt. Det er svært få stryk som har ein stigning på stort meir enn ein meter, før ein kjem langt opp i elva. Etter det eg forstår er det mykje som kan byggjast inn i ei slik sperre. Elektrisk straum er ein ting. Lærdalselva er ei flaumelv. Normalvassføringa er 40 - 100 m<sup>3</sup> /sek. Under ein vanleg vårflaum er vassføringa 300 m<sup>3</sup>. Skal elva hevast i den nedre delen, vil dette få store konsekvensar for svært mange. Alt i dag er det mange som slit med høgt grunnvatn når elva er stor. Skal ein gå så langt opp i elva at det er forholdsvis enkelt å få til ei sperre, må ein 16 km opp fra munningen. Nedanfor ligg da dei problematiske områda, der det er vanskeleg med kjemisk behandling. Vi har tru på sperre i elva, berre det let seg gjennomføre utan for store konsekvensar for samfunnet elles, og at den er 100 prosent sikker for at fisk ikkje kjem forbi.

### **Behandling med metall.**

Når ein er i ein slik situasjon som vi er i Lærdal, er det med svært stor inter-

esse ein les om forskningsprosjekt om alternativ bekjempelse av gyrodactylus, der ein kanskje kan kvitta seg med parasitten istaden for verten. Eg veit at det i desse dagar skal avgjerast om eit forskningsprosjekt som går på akkurat dette, skal få midlar til si forskning. Lærdalselva ligg også inne i dette prosjektet, og eg håpar inderleg at det vert løyvd pengar til dette. Eg trur ikkje vi har råd til å la vera å prøve nye ting i kampen mot gyrodactylus.

### **Konklusjon.**

I den situasjonen vi er i, synest alt svært vanskeleg, men vi set var lit til det arbeidet som blir gjort av DN og

andre som kjempar mot gyrodactylus. Det som Lærdal Elveeigarlag ser for seg, er kanskje ein kombinasjon av ulike tiltak. Dersom forskninga med tilsetning av metall viser seg å gje resultat, kunne kanskje hovedvassdraget bli behandla på denne måten. I sidevassdrag kunne sperre vera aktuellt. I atlagde grøfter og kilar ville kanskje ei kjemisk behandling vera det rette. Men det som kanskje er det viktigast av alt, er at myndighetene ser alvoret og gjev dei nødvendige midlar til både forskning og til å få behandlingane utført. Vi sluttar heilt opp om det som står i Riiber- Mohn utvalet si innstilling.